



Trenar Åge frå Uskedalen med dei 4spelarane herifrå som var med i dag: Kjartan, Marius, Sondre og Emil:

G 14- laget som er ein mix av 98- og 99-modellar og ein mix av gutar frå Rosendal og Uskedalen har løfta seg fleire hakk framfor denne sesongen. Og no er dei på veg mot krinsmeisterskapet! I alle fall tok dei eit viktig steg i den retningen i ettermiddag då dei slo Stordlaget Trott 3-2 på kunstgraset. No står semifinalen og eventuelt finale framfor gutane, som verkeleg imponerte både defensivt og offensivt.

Laget verkar både fysisk og psykisk sterkt og i tillegg er det godt samansveisa - gutane jobbar verkeleg for kvarandre! Trenaren, uskedelingen Åge Myklebust, har tydelegvis gjort ein kjempejobb, også pedagogisk.

I dag var 4 uskedelinger i aksjon på bana - det var Kjartan Tungesvik, Emil Bakke Berntsen, Sondre S. Myklebust og Marius Myklebust.

Mathias Guddal var meister for 2 av måla medan Håvard Hunstad sette inn det tredje. Ved pause var stillingen 1-1 og sigersmålet kom like før slutt etter at heimelaget hadde spela godt defensivt ein lengre periode,

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Er dei på veg mot KM?